

Informasjon KM

Smittevernplan	Hugs følg retningslinene for arrangementet. 1 meter avstand er det viktigste tiltaket. Alle må raskt ut av anlegget slik at neste kohort kan komme inn.
Parkering	Det er ingen parkeringsvakt, men betal 50 kroner på Vipps 127199 (Liatoppen skisenter). Kohort 1 nyttar parkeringsplassen ved Liatoppen Fjellstue, kohort 2 nyttar den fyrste parkeringsplassen og kohort 3 nyttar plassen ved fjellstua. Det vert sett opp plakat med kohortnummer på rett parkeringsplass.
Registrering	Arrangør er ansvarleg for å ha oversikt over alle som er i anlegget under arrangementet. Me slepp ingen inn i anlegget før dei har sendt ein SMS med namn og mobilnummer til 907 37 852 (rennkontoret). Er de fleire i ein bil kan de godt sende oversikt over alle på ein SMS. Gjer gjerne det medan de sit i bilen.
Innslepp	Kohort 2 og 3 må prøve å unngå å stå tett i kø når det vert opna for innslepp. Vent i bilane til det er klart. Bruk tida til eventuelt å smøre skia ved bilen.
Kiosk	Det vert selt litt mat og drikke i kiosken. Diverre er det berre funksjonærar som får inn i Varmestugu. Salet skjer gjennom ei luke i veggen. Viss det vert kø må de hugse å halde avstand. Følgjande vert selt i kiosken: - Kaffi og varm saft kr. 10,- - Olaskiver kr. 20,- - Baguett kr. 40,- - Kvikkunnsj kr. 15,- - Smoothie kr. 20,- Bruk Vipps 127199 (Liatoppen skisenter).
Oppvarming/Testing	Det er køyrt opp eit eige område for oppvarming og testing av ski like ved startområdet (sjå arenakart). Me oppmodar om at dette området vert nytta når rennet har starta. Ingen ynsker å hindre utøvarar som er i gong med konkurransen.
Start	Starten skjer 200 meter før stadion. Utøvarane på fyrste etappe går innom stadion før dei går vidare ut i løypa (sjå stadionkart).
Veksling	Veksling skjer 50 meter etter stadion (sjå stadionkart). Her vert det merka opp slik at utøvar på 1. etappe går på venstre side, og utøvar på 2. etappe går på høgre side. Utøvar på 2. og 3. etappe går ut når den på etappa før kryssar ein strek. Det skal ikkje vera kontakt mellom utøvarane.
Siste etappe/mål	Utøvar som går siste etappe skal gå innom stadion, rundt Nilsehaugen og i mål.
Startnr. og brikker	Når de kjem i mål, skal utøvar sjølv ta av startnummer og kaste det i kasse/sekk i målområdet. Dei yngste utøvarane låner brikke av arrangør.

Desse må dei sjølv ta av å legge frå seg i ei kasse. Når dette er gjort, slepp dei ut av målområdet. Det vil vera funksjonærar i målområdet som fortel kva som skal gjerast.

Resultatlistar	Det vert ikkje hengt opp resultatlistar. Dette for å unngå mange folk på eit lite område. Uoffisiell liste vert lese opp av speaker og lagt ut på nettsida. Deretter er det 15. minutt protestfrist før lista vert offisiell. Offisiell liste vert òg berre lagt på nettsida.
Premieutdeling	Det vert inga premieutdeling. Alle får deltakarpremie i klubbposen. Dei tre beste laga i kvar klasse (gjeld 13 år-senior) får KM-medaljar. Lagleiar har ansvar for å samle laget sitt og hente medaljane. Dei vert hengt opp i ein pose like ved rennkantoret. Me ynsker bilete av vinnarlaga med medaljane rundt halsen.
Ferdig med rennet	Alle forlet stadion så raskt som mogleg slik at alt vert klart for neste kohort.

Det blir litt spesielle arrangement i desse koronatider, men me dette er ein måte å gjera det på slik at me i det heile kan arrangere renn.

Framleis God Jul!